



Deltakarane i HMS-kurset samla på Revuro

**Å vera bonde er landets farlegaste jobb. Difor er det viktig og riktig at Norges Bondelag dette året rettar ekstra stort fokus på HMS (helse, miljø, sikkerheit) i landbruket.**

**Det sleg leiar i Uskedalen Bondelag Olav Hjetland Bringedal fast i samband med at den praktiske delen av eit kurs er avvikla i dag i Revuro Samdrift i Omvikdalen. 6 bønder frå Uskedalen deltok og fekk kompetansebevis i praktisk HMS-arbeid. Dette kurset har vore ein stor suksess landet rundt og i det har her vore med 25 frå alle delar av Kvinnherad.**



HMS-rådgjevar Kjersti Flesjå leia kurset

Kurset vart innleia med teori og så hadde deltakarane heimelekse før dei møtte til den praktiske delen. På Revuro vart flokken delt i grupper som fekk kvar sin oppgave når det galdt å finna eventuelle feil og risikofaktorar. Dei fann ikkje så mykje men hadde nokre kritiske merknadar til dømes om brann, strøm og dyrehandtering. Det vart også påpeika ting på tunet, men mykje av det har samanheng med at Revuro er i ein utbyggingsfase.

Det var landbrukets HMS-teneste ved rådgjevar Kjersti Flesjå frå Haugesund som leia kurset men dei lokale bondelaga hadde ei viktig rolle i organiseringa. Deltakarane gjev uttrykk for at dei har hatt godt utbytte og no er langt betre rusta mot at uhell eller ulukker skjer.

Flesjå roste Revuroleiinga for at dei stilte anlegget til disposisjon midt i ein byggjefase. Den inneber at samdrifta vert utvida med 35 båsplassar som skal nyttast til ungdyr. Revuro kjem framleis til å ha like mange mjølkekyr.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Uskedalingane som deltok var Svein Ottar Rørheim, Oscar Langballe, Hans Reidar Kjærland, Runar Myklebust, Margunn Eik og Lars